



KYSTVERKET

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref
2021/5344-2

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
09/06/2021

Fråsegn til planprogram for regional plan for klima på høyring - Vestland fylke

Syner til brev av 20.april 2021 der planprogram for regional plan for klima vert sendt på høyring, dykkar referanse 2021/2254.

Føremålet med regionale planar er å mobilisere og samordne innsatsen i fylket og fremje brei, open og inkluderande samfunnsutvikling i heile fylket.

Vestland fylkeskommune ønsker særleg innspel på val av plantema, problemstillingar som er viktige innan dei føreslegne plantema, medverknad i planarbeidet, men og andre relevante innspel i planarbeidet.

Planen legg opp til 5 plantema for å dekke fylket sitt arbeid med klimaomstilling og berekraftig samfunnsutvikling. Det er; redusere klimafotavtrykket, fjerne direkte utslepp, trygt og robust Vestland, klimarettferd og folkehelse, og sikre naturmangfald.

Kystverket ligg under Samferdselsdepartementet, og er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøtryggleik og beredskap mot akutt forureining. Det overordna målet for Nasjonal transportplan er «*et effektivt, miljøvennlig og trygt transportsystem innan 2050*».


Kystverket tar ansvar for sjøvegen, og styrande for vår verksemd er målet om eit transportsystem som er sikkert, fremmer verdiskaping og bidrar til omstilling til eit lågutsleppsamfunn.

Klima og klimaendringar har verknad for alle. Sjøtransporten er avhengig av ein tilfredsstillande maritim infrastruktur for å kunne levere gode og effektive tenester til sine kundar. Maritim infrastruktur er blant anna farleier, fyr, merker, moloar og hamner/hamneterminaler med tilhøyrande infrastruktur. Klimaendringar knytt til havnivåstigning, vind-, bølge-, og strømforhold og erosjon vil auke utfordringane for etablering/dimensjonering og drift/vedlikehald av maritim infrastruktur.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Industri og næringsliv på Vestlandet er lokalisert nær sjøen, og det er utstrakt bruk av sjøtransport, og over relativt korte avstandar. Desse transportane går i hovudsak mellom private kaiar/hamner. Vestlandet har mykje industri som nyttar sjøvegen til mottak og frakt av råstoff og varer. Petroleumsindustrien generer skipstrafikk mellom anlegga og sokkelen. Sjøtransportens dominans på Vestlandet skyldas i stor grad ein desentraliserte hamnestrukturen som medfører at gods vert frakta og på kortare strekningar innanføre fylket og nabofylka.

Kystverket har dei siste åra gjennomført ein betydelig kartlegging av kysten. Behov for utbetringar i farvatnet vert spelt inn til arbeidet med Nasjonal transportplan. Utbetringar i farvatnet er tiltak med sikte på å auke tryggleiken, betre framkomma for skipstrafikken i tronge farvatn og redusere seglingsdistansen, bl.a. gjennom å fjerne grunner og auke djupna i leia.

Kystverket sitt ansvarsområde rører ved fleire plantema, særleg « redusere klimafotavtrykket ». Sjøvegen har et relativt lite miljøavtrykk, men sjøtrafikken har framleis eit tydelig utslepp av klimagassar. Naudsyne grep er blant anna raskare fornying av transportmidlane, etablering av infrastruktur for alternative energikjelder og automatisering av logistikk- og hamneoperasjonar.

Kystverket har ikkje særlege merknader til føreslegne plantema, men det bør vurderast å framheve infrastruktur som problemstilling – eller som ein del av løysinga, då dette vil ha innverknad på fleire plantema.

Det er vanskelege å skissere kor mykje medverknad Kystverket kan bidra med. Arbeidet med å hindre negative konsekvens av klimaendringar må innarbeidas i all planlegging som har med samfunns- og arealplanlegging å gjera. Vi ser likevel behov for at regional mynde har særleg fokus på klima på eit overordna nivå. Det vert retningsgjevande for kommunane, men og for sektormynde som bidrar inn i arealplanlegginga. Ein skal heller ikkje undervurdere prosessen med brei deltaking og godt informasjonsarbeid. Arbeidet med å omstille samfunnet til eit « lågutsleppsamfunn » tar tid og vil og krevje sektorovergripande innsats og deltaking.

Kystverket stiller seg til rådighet med informasjon og kunnskap innanfor vårt fagfelt, og deltaking på eit underorda nivå som til dømes i aktuelle arbeids-/faggrupper.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent